

Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 19/1655-3

## Regionale utviklingsmidlar 2019 - fordeling 2

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur å gjere slikt vedtak:

- 1) VIS AS får eit tilskot på 100 000 kr. til å gjennomføre Innovasjonsuken OPP 2019
- 2) Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Mitt yrke- Unge gründere i Sogn og Fjordane»
- 3) Framtidsfylket AS får eit tilskot på 300 000 kr. til å gjennomføre TEx Vest – Teknologifestivalen på vestlandet
- 4) Momentum 2020 v/Ingebjørg Vamråk får avslag på søknad om tilskot til prosjekt «Praktisk nyskaping i lokalsamfunnet»
- 5) Innsats for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert tildelt kr 700 000
- 6) Det vert sett av kr 300 000 til å dekke kostnader i samband med forming av næringsinnsatsen i nytt fylke
- 7) Sør Energi AS får eit tilskot på 280 000 kr. til Gardsvarmeprosjekt Vestlandet 2019-2020
- 8) Fylkesmannen i Vestland får eit tilskot på 60 000 kr. til prosjektet « Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 -21
- 9) Restmidlar frå INU-ordninga vert disponert slik:
  - Tettstadutvikling 1 431 517 kr
  - Oppfølging av tilskot 100 000 kr

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar til tettstadutvikling. Tettstadmidlane skal gå til prosjekt i kommunane Flora, Sogndal og Førde og tildelast etter søknad. Det vert opna for å støtte stadutviklingstiltak som er i grenseland for dei vanlege reglane for tettstadutvikling. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 100 000 kr. til oppfølging av tilskot.

- 10) Søknad frå Måløy Vekst om tilskot til prosjektet Måløy Ocean Hub får avslag
- 11) Tilskota vert finansiert slik:
  - a) Tilskotet til VIS vert dekket med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping
  - b) Tilskotet til Framtidsfylket AS vert dekket med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
  - c) Løyving til innsats for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert dekket med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
  - d) Løyving til arbeid med å forme næringsinnsatsen i nytt fylke vert dekket med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
  - e) Tilskotet til Sør Energi AS vert dekket med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
  - f) Tilskotet til Fylkesmannen i Vestland vert dekket med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring.

### Vedlegg:

1. Søknad - Innovasjonsuken OPP 2019
2. Søknad - Mitt yrke – unge gründere i Sogn og Fjordane
3. Søknad - TeX Vest
4. Søknad - Praktisk nyskaping i lokalsamfunnet
5. Søknad - Gardsvarmeprosjekt
6. Søknad - Tresatsing i Vestland

**Andre relevante dokument i saka:**[www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no)[Retningslinjer for verkemiddelbruk - næring](#)

Eventuelle vedlegg til søknader om ikkje er lagt ved

**SAKSFRAMSTILLING****0. Samandrag**

Saka gjeld tildelingar av midlar frå næring og kultur sitt budsjett for regional utvikling. I denne saka vert fylgjande saker handsama:

- Søknad frå VIS AS om tilskot til å gjennomføring av Innovasjonsuken OPP 2019
- Søknad frå Adalia AS om tilskot til prosjektet «Mitt yrke- Unge gründere i Sogn og Fjordane»
- Søknad frå Framtidsfylket AS om tilskot til å gjennomføre TEx Vest – Teknologifestivalen på vestlandet
- Søknad frå Momentum 2020 v/Ingebjørg Vamråk om tilskot til prosjekt «Praktisk nyskaping i lokalsamfunnet»
- Innsats for nærings- og samfunnsutvikling
- Midlar til å dekke kostnader i samband med forming av næringsinnsatsen i nytt fylke
- Søknad frå Sør Energi AS om tilskot til Gardsvarmeprosjekt Vestlandet 2019-2020
- Søknad frå Fylkesmannen i Vestland om tilskot til prosjektet « Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 -21)
- INU-midlar – til disposisjon for FRM plan
- Søknad frå Måløy Vekst om tilskot til prosjektet Måløy Ocean Hub

**1. Innovasjonsuken OPP 2019**

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

**1.1.Bakgrunn**

Innovasjonsuken OPP søker om 100 000 kr. i støtte til å gjennomføre Innovasjonsveka OPP, ein innovasjonsfestival med samling av arrangement innafor kategorien innovasjon og entreprenørskap, i Sogn og Fjordane i september 2019.

**1.2.Nærare omtale**

Innovasjonsuken OPP er eit dugnadsarbeid mellom aktørar i Hordaland som ønskjer å løfte fram initiativ som fremmer innovasjon og entreprenørskap. Aktørane samlar arrangement (aktivitetar, kurs, møteplassar m.m.) til ei og same veke om hausten under ei felles merkevare «Innovasjonsuken OPP». Alle arrangementa passar under fellesnemnaren innovasjon og entreprenørskap.

Merkevara «Innovasjonsuken OPP» blei stadfesta i 2017, men initiativet om å samle aktørar som tilbyr innovasjon og entreprenørskapsarrangement har helde på over nokre få år før dette. Fram til no har satsinga vore i Hordaland. Ønsket er å synleggjere dei gode arrangementa som fleire aktørar gjennomfører kvar for seg på ulike arenaer, og å oppmuntre aktørar til auka aktivitet. Innovasjonsuken OPP jobbar kontinuerleg med å forankre målsettinga hos fleire arrangørar og engasjere fleire deltakarar til å være med på arrangementa. No ønskjer dei å utvide til Sogn og Fjordane. I Sogn og Fjordane vil arrangementet gå under namnet «Innovasjonsveka OPP». På sikt ønskjer dei å komme på nivå med Oslo Innovation Week.

Ved å samle arrangement under same merkevare til ei og same veke oppnår ein meirverdi. Tanken er at arrangørar som legg sine arrangement til denne veka vil få meir merksemd enn om dei handlar isolert. Dei vert ein del av «noko større». For deltakarane kan det også gje ei oppleving av at dei er med på «noko større».

Datoen for arrangementsveka er veke 38, frå 16.-22. september 2019. Arrangementa blir annonsert mellom anna på heimesida til Innovasjonsuken OPP, i arrangørane sine kanalar, gjennom nyhende brev og i sosiale medium.

Resultat frå Innovasjonsuken OPP 2018:

66 arrangement i Bergen

10 arrangement utanfor Bergen

Arrangement frå næringsaktørar, verkemiddelaktørar, utdanningsaktørar og forskingsaktørar.

9 nyhendebrevutsendingar – 1392 registrerte mottakarar

5000 påmeldingar i OPP arrangementskalender

Tilbakemeldingar, påmeldingar og tall frå sosiale medium viser at Innovasjonsuken OPP 2018 engasjerte breitt og at entreprenørskapsmiljø og etablert næringsliv deltok, både med eigne arrangement og deltaking.

Ei målsetting for initiativet er «å vise fram det omfattande miljøet som eksisterer i regionen sitt økosystem for nyskaping, for potensielle nye deltakarar og for samfunnet» (ref. søknaden). Gjennom planleggingsarbeidet for innovasjonsveka og eit kickoff-arrangement vil dei også fungere som brubyggjar mellom arrangørane som kjem frå ulike bransjar og miljø, og leggje opp til nettverksingsmoglegheit på tvers av Hordaland og Sogn og Fjordane.

Prosjektorganisering

Hordaland fylkeskommune, Bergen Kommune, VIS, Innovasjon Norge og DNB bidreg med finansiell støtte. Impact Hub, Bergen Works, StartupLab og Bergen Næringsråd er blant samarbeidspartnarane.

VIS (tidlegare kalla Bergen Teknologioverføring) har ansvar for prosjektkoordineringa.

Representantar frå dei ulike miljøa utgjer styringsgruppa.

Kostnadsplan

<b>Tittel</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>
<b>Arrangement, opning og kickoff</b>	100 000	100 000
<b>Føredrag og underhaldning</b>	50 000	50 000
<b>Kommunikasjon, Some, nettside, annonsering</b>	100 000	100 000
<b>Marknadsmateriell, foto, video, merch, innhald</b>	200 000	200 000
<b>Merkevarebygging, grafikk, leveranse</b>	100 000	100 000
<b>Prosjektteam, sponsorarbeid, økonomi</b>	825 000	825 000
<b>Sum kostnad</b>	1 375 000	1 375 000

Finansieringsplan

<b>Tittel</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>
<b>Bergen kommune</b>	250 000	250 000
<b>DNB</b>	75 000	75 000
<b>Hordaland fylkeskommune</b>	300 000	300 000
<b>Innovasjon Norge Vestland</b>	250 000	250 000
<b>Sponsor</b>	200 000	200 000
<b>Sogn og Fjordane fylkeskommune</b>	100 000	100 000
<b>VIS</b>	200 000	200 000
<b>Sum finansiering</b>	1 375 000	1 375 000

Støtte frå fylkeskommunen på 100 000 kr. utgjer om lag 7% av totalbudsjettet. Den offentlege innsatsen utgjer om lag 65%, og den private 35% av totalbudsjettet.

### **1.3.Vurderingar og konsekvensar**

Høve til å «bygge Vestland» på økosystem-sida:

Mellom arrangørane vert det lagt opp til nettverksbygging og kunnskapsdeling gjennom fellesarrangement for arrangørar (kickoff). Dette er derfor eit høve for innovative miljø frå nord og sør i det nye Vestland fylke til å bli kjend med kvarandre. Tidlegare erfaringar med Innovasjonsuken OPP viser at både offentleg og privat sektor, så vel som forskings- og utdanningsmiljø og gründermiljø, ser verdien av å bidra med eigne arrangement og delta på andre sine arrangement. Dette er difor ein interessant smeltedigel som kan gje gode ringverknader i nye Vestland.

Forankring i regional plan for verdiskaping:

Initiativet er forankra i Verdiskapingsplanen, plantema nyskaping. Innovasjonsuken OPP vil inspirere fleire til å forsøke å realisere draumen om å skape noko nytt, og på den måten bidra til vekst og omstilling i det som blir Vestland fylke.

Sogn og Fjordane-modell:

Viss Innovasjonsveka OPP skal lukkast i Sogn og Fjordane er det viktig at styringsgruppa går inn for at arrangement skal spreiaast utover heile fylket. Ein har ikkje same deltakarmassen her som i Bergen. Ein må unngå hard konkurranse om deltakarar, og heller satse på god spreing av arrangement.

**Finansiering:**

Hordaland fylkeskommune har vedtatt å støtte Innovasjonsuken OPP med 300 000 kr. i 2019. Dette var omsøkt beløp. Også Innovasjon Norge Vestland går inn med 250 000 kr. Vanlegvis støttar ikkje fylkeskommunen initiativ der Innovasjon Norge også er inne. I dette einiskilde tilfellet meiner vi initiativet er godt og viktig for å gje næringsaktørar i nord og sør høve til å møtast og samarbeide om felles interesser, spesielt i ei overgangsperiode til nytt fylke.

Det kan vere utfordrande å skaffe midlar frå privat næringsliv til tiltak som ikkje er direkte retta mot ei einiskild bedrift, men heller ein region. Her må bedriftene løfte blikket og sjå verdien av at fleire aktørar samlar seg om ei felles merkevare. Derfor kan det vere utløysande at det offentlege går inn med midlar i ei tidleg fase, inntil bedriftene opplever verdien av å delta. Med dette meiner vi at Innovasjonsuken OPP bør sikte seg inn mot at ein større del av framtidige midlar kjem frå private kjelder enn det som kjem fram i denne søknaden.

Sjølv om Innovasjonsuken OPP går over ei veke på hausten, er dette eit initiativ som jobbar kontinuerleg gjennom heile året. På heimesida deira gir dei oversikt over alle relevante arrangement gjennom året. Dette er eit godt initiativ, for det er ikkje lett for målgruppa å vite om alt som skjer. Driftig.no dekkjer til ein viss grad Sogn og Fjordane, men det er grunn til å tru at mykje ikkje kjem med. Fylkeskommunen dekkjer vanlegvis ikkje prosjekt som er starta opp. I dette tilfellet viser vi til at Innovasjonsuken OPP skjer i september, og at det derfor er akseptert.

**1.4.Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur å støtte Innovasjonsuken OPP med 100 000 kr. til gjennomføring av arrangementet i Sogn og Fjordane i 2019.

**2. Søknad frå Adalia AS til TV-produksjonen «Mitt yrke-Unge gründere»**

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

**2.1.Bakgrunn**

Adalia AS søker om 175 000 kr. i støtte til TV-produksjonen «Mitt yrke-Unge gründere». Produksjonen vil verte sett i gang dersom dei får løyst ut naudsynnte midlar.

Søkjjar har søkt om liknande prosjekt tidlegare. Fylkeskommunen har ikkje tidlegare gitt støtte til Adalia AS eller TV-produksjon med namn «Mitt Yrke-Unge Gründere».

**2.2.Nærare omtale**

TV-produksjonen «Mitt Yrke» er ein TV-serie som NRK har kringkastingsrett til. Dei kan sende det dei vil av serien ved behov. Vidaregåande skuler i landet har tilgang til filmene gjennom læringsplattforma for fylkeskommunar, [www.ndla.no](http://www.ndla.no). Unge og unge vaksne er målgruppa. Utdanningsdirektoratet har også brukt filmene på [www.utdanning.no](http://www.utdanning.no), i tillegg blir filmene lagt på på youtube.

Adalia AS har produsert «Mitt yrke»-serien i tre år, og nå ønskjer dei å ta opp temaet unge gründerar. Målet er å inspirere unge til å satse på entreprenørskap.

Midlane Adalia søker om no skal gå til produksjon av to filmar i Sogn og Fjordane som skal følgje kvinnelige og mannlige gründerar frå fylket.

**Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>
<b>Diett/reise/materiell</b>	8 000	8 000
<b>Grafikk 2x10000</b>	20 000	20 000
<b>Opptaksteam 8x18000</b>	144 000	144 000
<b>Redigering 8x14000</b>	112 000	112 000
<b>Regissør 12x3000</b>	36 000	36 000
<b>Research og synopsis</b>	30 000	30 000
<b>SUM kostnader</b>	350 000	350 000

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>
<b>Distribusjon og egenandel</b>	175 000	175 000

<b>Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling</b>	175 000	175 000
<b>SUM finansiering</b>	350 000	350 000

### **2.3.Vurderingar og konsekvensar**

Entreprenørskap blant unge er forankra i regional plan for verdiskaping og eit satsingsområde for fylkeskommunen. I Sogn og Fjordane er det Ungt Entreprenørskap som har ansvar for det operative arbeidet. Dei følgjer opp unge i skulealder og under høgare utdanning. Det kan også nemnast at Framtidsfylket gjennom sitt traineeprogram tilbyr stillingar i gründerbedrifter.

Tiltaket til Adalia er eit bidrag som vil rette positiv merksemd mot ei yrkesgruppe vi ønskjer skal vekse i vårt fylke. Selskapet har halde på nokre år og oppnådd gjennomslag hos nasjonale distribusjonskanalar. I og med at filmene blir vist etter behov, er det vanskelig å seie noko om kor mykje filmene vil bli vist.

### **2.4.Konklusjon**

TV-produksjonen kan føre til positive bidrag for fylket, men utslaget er for usikkert og fylkeskommunen overfører store summer til samarbeidspartnarar som dekkjer satsingsområdet frå før. Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring- og kultur til å gje søknaden frå Adalia AS avslag.

## **3. Søknad frå Framtidsfylket AS om midlar til teknologifestivalen «TEx Vest» i 2019**

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

### **3.1.Bakgrunn**

Framtidsfylket AS, med samarbeidspartnarar, søker om 500 000 kr. i støtte til å arrangere teknologifestivalen TEx Vest for året 2019.

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare gitt støtte til teknologifestivalen. Dei fekk 300 000 kr i forprosjektmidlar frå Sunnfjord Utvikling i 2018.

### **3.2.Nærare omtale**

TEx Vest er ein teknologifestival i tillegg til eit rekrutterings- og miljøbyggingsprosjekt som dekkjer Vestlandet. Festivalen 2019 er ei vidareutvikling av dataarrangementet VestLAN i 2018. VestLAN fekk over 250 deltakarar, og over 1000 sjåarar følgde strøyminga av livesendinga frå arrangementet.

TEx Vest skal:

- bidra til etablere Sogn og Fjordane som leiande innan teknologi
- vere drivar for å byggje kompetansmiljø mellom næringsliv og framtidige arbeidstakarar
- syne ei satsing på ung, digital kultur for å sikre posisjon for framtidretta rekruttering

Teknologifestivalen TEx Vest blir ein arena som rommar expo-messe for næringslivet, føredrag og innlegg, mini-arrangement, sosial nettverking og underhaldning i tillegg til dataarrangementet VestLAN. Expo-messa og mini-arrangementa er tiltenkt næringsaktørar som ønskjer å promotere, rekruttere og nettverke.

Det er venta stor nasjonal merksemd rundt TEx Vest (basert på erfaringar frå VestLAN), som gir moglegheiter for regionalpolitisk formidling.

Prosjektgruppa består av Framtidsfylket, Høgskulen på Vestlandet, Sunnfjord Utvikling, IT-Forum Sogn og Fjordane og Enivest. I tillegg har prosjektgruppa med seg fleire støttespelarar og ressurspersonar, mellom anna begge inkubatorane i fylket, Førde kommune og PEAK Sunnfjord.

Prosjektet ønskjer å sjå effektar knytt til rekruttering og miljøbygging, samt styrke Sogn og Fjordane sitt omdømme som drivkraft for teknologisatsing- og utvikling.

Tidsplan

Planlegginga av arrangementet er i gang. Sjølv arrangementet skjer i september 2019.

Kostnadsplan

<b>Tittel</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>
<b>Administrasjon, planlegging, gjennomføring</b>	800 000	800 000
<b>Bistand personell Førde kommune</b>	200 000	200 000
<b>Kostnader diverse</b>	130 000	130 000
<b>Lokaler og fasilitering</b>	200 000	200 000
<b>Marknadsføring og profilering</b>	300 000	300 000
<b>Programpostar og innhald</b>	400 000	400 000
<b>VestLAN 2019</b>	800 000	800 000
<b>VestLAN Prizepool</b>	200 000	200 000
<b>SUM kostnader</b>	3 030 000	3 030 000

## Finansieringsplan

<b>Tittel</b>	<b>2020</b>	<b>SUM</b>
<b>Bankstiftingane</b>	500 000	500 000
<b>Billettsal (300x2000)</b>	600 000	600 000
<b>Billettsal LAN</b>	100 000	100 000
<b>IT-forum og næringsliv sponsorar</b>	400 000	400 000
<b>Tenestespensing Førde kommune</b>	200 000	200 000
<b>Tenestespensing generalsponsor Eninvest</b>	500 000	500 000
<b>Tenestespensing HVL</b>	100 000	100 000
<b>Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling</b>	500 000	500 000
<b>Utstillarar Expo</b>	130 000	130 000
<b>SUM finansiering</b>	3 030 000	3 030 000

Støtte frå fylkeskommunen på 300 000 kr. utgjer om lag 10 % av totalbudsjettet.

### **3.3.Vurderingar og konsekvensar**

Midlar til nærings- og samfunnsutvikling skal ikkje nyttast til bedriftsretta satsingar, da dette blir handtert av Innovasjon Norge. TEx Vest er eit initiativ frå offentleg og privat sektor som kan bidra til rekruttering til både studiar og arbeidsplassar og på den måten skape og behalde kompetansemiljøa i ytre regionar. Teknologifestivalen TEx Vest spelar på lag med høgskulen sitt mål om å rekruttere best mogleg til dei ulike teknologiutdanningane dei gir i Sogn og Fjordane, og komme næringslivet sitt behov for (framtidig) kompetanse i møte. Festivalen er ein arena der høgskulen og næringsliv kjem i kontakt med potensielle søkjarar. Dette vert stadfesta av deira engasjement i prosjektet både i prosjektgruppa og på finansieringssida. Dette gjer at vi ser på arrangementet som eit tilretteleggande tiltak som skal nå breitt og gagne heile regionen.

Arrangementet byggjer på eit forprosjekt, og no har prosjektgruppa fått på plass eit hovudprosjekt som er i oppstartsfasen. Prosjektgruppa og finansieringssida viser at dette er eit arrangement som blir satsa på av både offentleg og privat sektor. « Dei rette » miljøa er med på laget. Samtidig er ein del av inntekta basert på billettinntekter, som kan vere vanskeleg å estimere på førehand. Midlane frå fylkeskommunen kan vere ei ekstra sikkerheit og utløysande for at arrangementet vert gjennomført.

Når det gjeld tal deltakarar var VestLAN 2018 på nivå med arrangementet til Framtidsfylket karrieremesse i Oslo og Trondheim. Som rekrutteringstiltak har eit LAN-party i seg sjølv avgrensa potensial. Men som eit verkemiddel i ein meir omfattande kontekst vil eit slikt arrangement utgjere ein vesentleg forskjell frå tradisjonelle rekrutteringsarrangement. Med Expo-messe, føredrag, innlegg, mini-arrangement, sosial nettverking og underhaldning vil TEx Vest leggje til rette for miljøbygging og rekruttering. Arrangementet har som ambisjon å nå ut nasjonalt med kommunikasjonen sin, men forventar flest deltakarar frå Vestlandet.

Det er positivt at aktørar frå fylket samarbeider om å løfte eit slikt initiativ, som har potensialet til å gje svært mange gode ringverknader.

### **3.4.Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur å støtte Framtidsfylket AS med 300 000 kr. til teknologifestivalen TEx Vest.

## **4. Praktisk nyskaping i lokalsamfunnet – mobilisering av lokale ressursar og verdjar**

(Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørseth)

### **4.1. Bakgrunn for saka**

Momentum 2020 v/ Ingebjørg Vamråk søkjer om eit tilskot på kr. 800 000 til prosjektet «Praktisk nyskaping i lokalsamfunnet – mobilisering av lokale ressursar og verdjar». Prosjektet skal gjennomførast over to år, 2019 og 2020.

Initiativtakarane søkjer om midlar til å gjennomføre eit samfunnsutviklingsprosjekt i bygda Ortnevik på sørsida av Sognefjorden. Prosjektet skal bygge vidare på dei erfaringane Ingebjørg Vamråk fekk etter å ha gjennomført eit tilsvarande prosjekt som rådmann i Fedje kommune. Ein vil både sette i gang aktivitetar og observere prosessane som vert sette i gang, slik at lærdommane kan generaliserast og nyttast av andre. I søknaden vert prosjektmålet formulert slik:

*«Hovudmålet med prosjektet er å utarbeide eit konkret opplegg for korleis innbyggjarane sjølve kan gå fram for å drive nyskaping og utvikling i lokalsamfunnet over tid, gjennom å systematisk arbeide med kortsiktige mål, som ledd i det å nå langsiktige mål.»*

### **4.2. Nærare omtale av søknaden**

Ortnevik Grendalag vedtok den 16. april 2019 å prøve å få til noko for å utvikle bygda, og Morten Zakariassen vart i den forbindelse spurdt om det var mogeleg å sette i gang eit prosjekt for å få til dette. Saman med Ingebjørg Vamråk har han initiert det omsøkte prosjektet.

Ingebjørg Vamråk skal vere prosjektleiar i prosjektet. Saman står dei for gjennomføringa av prosjektet. Ingebjørg Vamråk skal stå for det praktiske med å gjennomføre og fasilitere dei ulike aktivitetane, medan Morten Zakariassen er ansvarleg for å systematisere lærdommane på ein sånn måte at ein kan overføre til andre aktuelle stadar etter prosjektslutt.

Det skal gjennomførast ei rekkje aktivitetar i prosjektet. Prosjektaktivitetane skal gjennomførast i perioden frå juni/juli 2019 og skal vere ferdige i midten av september 2020. Følgande aktivitetar er planlagd gjennomført:

- Avvikle innleiande folkemøte – juli 2019
- Lage kommunikasjons- og marknadsføringsplan – august 2019
- Utarbeide konkretisert framgangsmåte – august 2019
- Produksjon av notat og referat for bruk i prosjektevaluering – september 2019 til august 2020
- Kick-off for lokalsamfunnsutvikling – september 2019
- Workshop – september 2019
- Oppfølgingsarena – oktober 2019 til mai 2020
- Fellesmøte - desember 2019
- Motivasjonsarrangement – januar 2020
- Fellesmøte - mars 2020
- Arrangement/ lansering: Velkommen til Ortnevik – mai 2020
- Slutføring og overlevering av prosjektfunn – september 2020

Prosjektet har to målgrupper. Den første målgruppa er lokalbefolkninga i Ortnevik. Det er dei som skal finne ut korleis dei kan utvikle bygda si sånn at den vert attraktiv for andre å besøke eller å busette seg i. Prosjektorganiseringa skal sette i gang prosessane som skal føre til denne utviklinga, men skal ikkje sjølv vere aktivt med å forme innhaldet. Organisering, tilrettelegging, dokumentering og overføring er stikkord for kva prosjektgruppa skal bidra med.

### **Kostnads- og finansieringsplan**

## Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigeninnsats Høyanger kommune	260 000	130 000				390 000
Eigeninnsats samarbeidspartnerar	180 000	230 000				410 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	250 000	550 000				800 000
Sum finansiering	690 000	910 000				1 600 000

## Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Andre kostnader knytt til marknadsføring		50 000				50 000
Arbeid med observasjon og dokumentasjon	70 000	80 000				150 000
Arbeide i arbeidsgrupper, praktisk støtte	50 000	50 000				100 000
Finne og kvalitetssikre bilder og grafikk, brosj.	10 000	60 000				70 000
Følgje opp konkrete idear, individuell basis	40 000	60 000				100 000
Innarbeide kompetansedeler i leveransen		50 000				50 000
Innarbeide kulturminnedelen i endeleg leveranse		50 000				50 000
Innhenting og implementering av rett kompetanse	50 000	20 000				70 000
Kostn. til fysisk matr, lisensar, arrangement	10 000	40 000				50 000
Kvalitetssikre leveransen, delvis ekstern hjelp		100 000				100 000
Lage heimesider	20 000	80 000				100 000
Lage kommunikasjons- og marknadsføringsplan	100 000					100 000
Legitimitet, oppfølgj, støtte, ordførar/rådmann	10 000	10 000				20 000
Møteaktivitet og for- og etterarbeid	50 000	80 000				130 000
Planlegging, gjennomføring mm, fellesmøta	30 000	40 000				70 000
Revidere og innarbeide komm/marknadsf.plan		100 000				100 000
Utarbeide konkretisert framgangsmåte	20 000					20 000
Utarbeide struktur for endeleg leveranse	30 000	40 000				70 000
Utvikle opplegget med bruk av kulturminner etc	200 000					200 000
Sum kostnad	690 000	910 000				1 600 000

Med "endeleg leveranse" meiner vi opplegget vi leverer til slutt.

### 4.3.Vurdering av søknaden

Å leggje til rette for engasjement og utvikling i bygdesamfunn er ei vanskeleg men viktig oppgåve. Mange bygder rundt om i fylket slit med fråflytting og aldrende befolkning. Mykje av det framtidige eksistensgrunnlaget avheng av at ein klarar å skape engasjement i lokalsamfunnet på ein slik måte at folk har lys til å busette seg der.

Vi meiner at personane bak søknaden har god kompetanse til å gjennomføre eit slikt prosjekt. Prosjektleiaren har gjennomført eit liknande prosjekt tidligare, noko som er ein stor fordel. I tillegg har ho teoretisk kunnskap om lokalsamfunnsutvikling, gjennom eit studium i samfunnsentreprenørskap. Dei andre prosjektdeltakarane har også kompetanse og erfaring som vil vere nyttig for prosjektet. Gjennomføringsevna hos prosjektgruppa er difor vurdert å vere god.

Prosjektet er etter det vi forstår eit resultat av ein førespurnad frå grendalaget til ein av initiativtakarane om å sjå på ulike måtar å utvikle bygda på. Det er positivt at prosjektet er motivert og initiert av sentrale krefter i bygda. Dette er heilt essensielt då det er dei som i stor grad skal forme det kvalitative innhaldet i prosjektet. Prosjektet er derimot ikkje presentert for heile bygda.



Kommunen er og involvert i prosjektet. Deira oppgåve er å bidra med kompetanse innan områda kultur, folkehelse. God forankring og støtte frå lokale myndigheiter vil vere viktig, då dei har ansvar for mange av områda ein kan tenke seg vert påverka av prosjektet.

Over har vi drøfta prosjektet si forankring i kommunen og i lokalbefolkninga. Neste aktuelle interessant for eit slikt prosjekt er næringslivet. Her skriv søkar i søknaden at dei har vore i kontakt med mange av dei sentrale næringslivsaktørane i bygda. Dei skildrar behov for auka tilgang til kompetanse i sine verksemder, og ser difor positivt på eitt prosjekt som tar sikte på å auke attraktiviteten til bygda.

Prosjektet vil ved å utvikle attraktiviteten til bygda Ortnevik skape nytt næringsliv og leggje grunnlag for auka busetnad. Regional plan for verdiskaping er styrande for fylkeskommunen sin aktivitet og prioritering av midlar når det gjeld regional utvikling. Hovudmålet til planen er å auke tal arbeidsplassar i fylket. Lokalsamfunnsutvikling er derimot ikkje eit av satsingsområda i planen.

Det er fleire aktørar som opererer i det fagområdet prosjektet tek føre seg. Her er det mellom anna interessant å nemne distriktssenteret som jobbar aktivt mot kommunane for å bidra til positiv utvikling i bygder og småsamfunn. Søkar har ikkje problematisert eller konkretisert forholdet dette prosjektet har til allereie eksisterande verktøy for lokalsamfunnsutvikling. Vi meiner at ei slik oversikt er naudsynt for å forsikre at ein ikkje utarbeidar konkurrerende verktøy.

#### **4.4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren meiner at søknaden frå Momentum 2020 /v Ingebjørg Vamråk tek tak i ei viktig problemstilling som fylkeskommunen vil jobbe meir med i tida framover.

Det er positivt å sjå at det er engasjement og vilje til å utvikle mindre bygdesamfunn. Vi vil i samanslåingsprosessen med Hordaland forme innsatsen også innafor lokalsamfunnsutvikling. Og vi ser at Hordaland fylkeskommune nyttar eit program for lokalsamfunnsutvikling som heiter Liv og lyst, som liknar på eit bygdeutviklingsprogram som ein tidlegare gjennomførte i Sogn og Fjordane. Vi ønskjer no først å forme ny innsats innan lokalsamfunnsutvikling, og deretter støtte konkrete søknader frå aktuelle bygder. Og vi må gjerne kome tilbake til eit initiativ frå Ortnevik når vi har fått forma den nye innsatsen innan lokalsamfunnsutvikling.

### **5. Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt**

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

#### **5.1. Bakgrunn**

Sogn og Fjordane fylkeskommune si satsing på næringsutvikling har naturleg nok vore retta inn mot utvikling av distrikta. Og det er utvikling av distrikt og utkantsamfunn som våre medarbeidarar har god erfaring med å arbeide med. Frå 2020 går vi inn i Vestland fylkeskommune saman med det som no er Hordaland fylkeskommune. Sjølv om begge fylkeskommunane har eit godt engasjement kring næringsutvikling ser vi også at det dels vert arbeidd med litt ulike tilnærmingar. Litt av forklaringa på tilnærming og innretting av innsatsen finn vi nok i at Hordaland har merksemd retta mot dei spanande utviklingsmiljøa i og kring Bergen. Det er ein fordel for gamle Sogn og Fjordane om vi i det nye Vestland framleis kan ha merksemd mot næringsutvikling i utkantane, og det er også ein fordel for utkantane i det som i dag er Hordaland. Med bakgrunn i dette tenkjer vi å setje i gang ein innsats der vi fremmar arbeid med næringsutvikling i bygder og distrikt, og der vi ser dette i samheng med anna innsats for å løfte bygdesamfunna våre.

#### **5.2. Nærare omtale**

Det vert no arbeidd med å forme det som skal bli Vestland fylkeskommune si næringsssatsing, og det vert etter kvart utforma ein plan for denne innsatsen. Det er som nemnt ein fordel for gamle Sogn og Fjordane at Vestland fylkeskommune har eit engasjement for utvikling av bygder og distrikt, til liks med utkantane i dagens Hordaland. Det er dels ulike tilnærmingar som skal til for å arbeide med næringsutvikling i distrikta, samanlikna med arbeidet mot dei tunge næringsmiljøa i Hordaland. Med ny innsats ønskjer vi no å starte opp eit arbeid der vi sikrar ei god merksemd på utvikling av bygder og distrikt. I denne omgang kallar vi innsatsen for eit prosjekt, men arbeidet kan også organiserast på anna vis.

Det nemnde prosjektet vil hovudsakleg femne om nærings- og samfunnsutvikling, der vi ser samla på den innsatsen som kan utvikle distrikta. I tillegg til arbeid med næringsverksemd og tilrettelegging for næringsmiljø i distrikta snakkar vi då om lokalsamfunnsutvikling og det som vi

kallar smarte bygder. Bruk av teknologi inngår i høg grad i smarte bygder, og ein innsats for distrikta må også sjåast i samheng med breiband-problematikken. Vi ønskjer å ta vidare dei beste erfaringane frå eit internasjonalt prosjekt med næringsmiljø i utkantane. Innsatsen må sjåast i samheng med utvikling av bygdenæringar som landbruk og distriktsbasert reiseliv. Når det gjeld samfunnsutvikling skjeler vi til det tidlegare bygdeutviklingsprogrammet, og til eit liknande program i Hordaland som heiter Liv og lyst.

Vi arbeider med å få form på den nemnde innsatsen, i samråd med sentrale samarbeidspartnarar. Den skisserte innsatsen ovanfor er eit grunnlag for å få hovudutvalet sine synspunkt, og grunnlag for ei startløyving.

### **5.3 Vurdering**

Sett frå vår synsstad er det viktig for distrikta at vi også framover arbeider målretta med utvikling av bygder og distrikt, og at vi greier å vidareføre det beste i vår næringsinnsats for distrikta. Gjennom den skildra innsatsen ønskjer vi å legge til rette for ein fortsatt god innsats i bygder og distrikt. Vi tenkjer at vi får hovudutvalet si tilbakemelding på den skisserte innsatsen og ei startløyving for å kome i gong med arbeidet, og så må vi saman med samarbeidspartnarar arbeide vidare med finansiering av denne innsatsen. Vi legg til grunn at det i denne omgang vert løyvd kr 700 000.

### **5.3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren ber om hovudutvalet si støtte til den nemnde innsatsen, og at det i denne omgang vert løyvd kr 700 000.

## **6. Midlar til å dekke kostnader i samband med forming av nytt fylke**

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

### **6.1. Bakgrunn og nærmare omtale**

Vi er godt i gong med å forme næringsinnsatsen i Vestland fylkeskommune. Vi ser at vi pådreg oss kostnader i samband med dette arbeidet, og ber her om ei løyving som kan dekke kostnader som oppstår i 2019.

Vi kjem venteleg til å setje i gong eit arbeid med ei ny og sams nettside med informasjon til etablerarar mm. Og vi pådreg oss elles kostnader i samband med samlingar, reiser, kompetansepåfyll og ev kjøp av tenester.

### **6.2. Vurdering og konklusjon**

Fylkesdirektøren ber om ei løyving på kr 300 000 til dekning av kostnader i samband med forming av næringsinnsatsen i nytt fylke.

## **7. Søknad om midlar til Gardsvarmeprosjekt på Vestlandet 2019-2020**

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

### **7.1. Bakgrunn**

Kva søknaden gjeld

Næreenergi AS søkte i mars 2019, med oppdatert søknad i mai 2019 om eit tilskot på 400 000 kr. til eit Gardsvarmeprosjekt på Vestlandet 2019-2020. I etterkant har Sør Energi AS bedt om å overta prosjektet/søknaden. Det vert sendt likelydande søknader til Hordaland og Rogaland

fylkeskommunar, og det er tenkt å gjennomføre tre identiske prosjekt på Vestlandet. Denne søknaden gjeld Sogn og Fjordane.

Gjennom prosjektet vil ein jobbe for auka bruk av fornybar energi i landbruket gjennom etablering av fleire gardsvarmeanlegg basert på lokalt skogvirke. Tiltak og aktivitet i prosjektet er i hovudsak retta mot det einiskilde gardsbruk for å skaffe slutningsgrunnlag for vedtak om investering i gardsvarmeanlegg.

#### Historikk og andre opplysningar

Søknaden støttar seg på erfaringsgrunnlag frå Gardsvarmeprosjekt Vestland 2018, som blei gjennomført i Hordaland og Rogaland.

Det er sendt like prosjektsøknader til dei tre fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og til Innovasjon Norge i fylka. Prosjekta blir køyrt som separate prosjekt. Fylkesmannen i Rogaland har støtta prosjektet i Rogaland med 200 000 kr. I Hordaland er søknaden sendt til eiga utlysning om tilskot til Grøn konkurransekraft, der søknadsfristen nett er ute. Vedtak her kjem ikkje før over sommaren. Innovasjon Norge handsamar søknad for alle fylka over sommaren når dei veit om finansiering frå andre kjem på plass.

Næreenergi Norge AS har meldt oppbod og gått til skifteretten fredag 31.mai. Engasjementet til prosjektleiaren som skulle jobbe med Gardsvarmeprosjektet vert vidareført gjennom selskapet Sør Energi AS. Sør Energi stadfestar at dei tek over prosjektet med dei tiltak og forpliktingar som ligg i søknaden. Endringane blir kun skifte av organisasjon.

## **7.2. Nærare omtale av søknaden**

### Bakgrunn

Eit intensivt landbruk fører med seg eit høgt energiforbruk. Ved investering i gardsvarmeanlegg (flis eller ved) vil gardsbruket sjølv kunne dekke ein vesentleg del av energibehovet i bedrifta.

I motsetning til resten av landet har Vestlandet i mindre grad tatt bioenergi i bruk (på gardsnivå). Dette trass i at landsdelen har like gode føresetnader og tilsvarende konkurransekraft mot andre energigiberarar. Skog, trebruk og bioenergi er eit av mange tiltak for å avdempe utfordringane knytt til klimagassutslepp / klimaendringane. På gardsnivå vil ein kunne bidra ved å ta skogressursane i bruk samtidig som det opnar opp for eigen og lokal verdiskaping.

Erfaringane frå "Gardsvarmeprosjekt Vestlandet 2018". viser at det er auka interesse frå landbruket for å ta bioenergi i bruk. Dette kjem mellom anna fram gjennom nye søknader til IN (investeringsbidrag gardsvarmeanlegg) samt at prosjektet fekk fleire henvendelsar om tiltak og bistand enn prosjektet kunne handtere innanfor gitte tids- og økonomiske rammer. Prosjektet "Gardsvarmeanlegg Vestlandet 2019-2020" ønskjer difor å bygge vidare på det arbeidet som allereie er lagt ned, og den interessa som er bygd opp gjennom prosjektet i 2018.

### Prosjekt mål

Hovudmål er å få til konkrete etableringar av gardsvarmeanlegg.

Investeringsvedtak blir tatt på brukar-/gardsnivå og kan etterprøvast gjennom til dømes tal søknader om investeringsmidlar hjå Innovasjon Norge.

### Prosjektorganisering

Prosjektleiar har biovarme som fagområde og har erfaring med bruk av trevirke til energi samt oppbygging og drift av varmesentralar i 25 år.

Innovasjon Norge skal vere aktiv deltakar i planlegging og gjennomføring av fagdagar og fagmøter. Fylkeskommunen og FMLA vil bli invitert inn i prosjektet.

Andre samarbeidspartar er Norsk Landbruksrådgjeving (Klimasmart landbruk), Kystskogbruket, Skognæringforum, organisasjonar, faglag og produsentlag, og den kommunale landbruksforvaltninga.

1. Aktiviteter
  - Gjennomføring av minimum 2 dagskurs / fagdager
2. Utarbeiding av minimum 12 forstudiar / beslutningsgrunnlag på gardsnivå
  - a. gardsbesøk

- b. gjennomgang av effekt- og energibehov
  - c. råstoff, mengde og prisar
  - d. dimensjonering av anlegg og varmenett
  - e. investeringskalkyler anlegg, varmenett, lager mm
  - f. økonomi og konkurransekraft mot andre / eksisterende løysingar
3. Pressedekning fagblad / lokal presse. Deltaking /føredrag på møter i regi av organisasjonar som bondelag, skogeierlag, produsentgrupper og lag innan melk, gris, vekshus, gardsturisme m.fl.

#### Målgrupper

1. Marknadsføring/informasjon: organisasjonar og faglag innan landbruket
2. Det enkelte gardsbruk / dei ulike landbruksproduksjonane ned på gardsnivå.

#### Resultat og effektar

Resultat: Auka kunnskap og interesse for bruk av fornybar energi basert på eigen/lokal energikjelde, samt gje gardsbruket eit konkret beslutningsgrunnlag for eiga verksemd. Vil kunne gje vedtak om endra energibruk/investering i gardsvarmeanlegg.

Effektar: Auka merksemd på skog og lokalt treverke som fornybar energikjelde, bruk av sortiment/skogvirke som i dag ikkje har alternativ bruk/avsetjing. Auka hogsaktivitet inkludert gjengroingsproblematikk/kulturlandskap, moglegheiter for reduserte energikosnader, auka forbruk av fornybar energi og reduksjon av klimagassar.

#### Tidsplan

Haust 2019-haust 2020.

#### Budsjett og finansieringsplan

##### **Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Fagdager: annonser, lokaler, reiser, verter mm	65 000	65 000				130 000
Foredrag fagmøter, presse, artikler	60 000	60 000				120 000
Gardsbesøk / utarbeiding forstudier	150 000	150 000				300 000
Prosjektledelse, admin, regnskap og revisjon	45 000	45 000				90 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>320 000</b>	<b>320 000</b>				<b>640 000</b>

##### **Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Deltageravgift fagdager (kr 500)	8 000	8 000				16 000
Egenandel gardsbesøk/forstudier (kr 2000)	12 000	12 000				24 000
Innovasjon Norge	100 000	100 000				200 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	400 000					400 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>520 000</b>	<b>120 000</b>				<b>640 000</b>

Kostnads- og finansieringsplan gjeld Sogn og Fjordane. Det er søkt om tilsvarande prosjekt i Hordaland og i Rogaland.

### **7.3. Vurdering**

Fleire gardsvarmeprosjekt ville vere positiv både med tanke på å nytte gardane sine ressursar betre, økonomien til bruka og med tanke på klima og miljøomsyn. Det er mange år sidan det har vore eit liknaden prosjekt i fylket, og då blei det etablert mange gardsvarmeanlegg som følgje av prosjektet.

Prosjektet som er gjennomført i 2018 i Rogaland og Hordaland har hatt positive effektar ved auka søknad til Innovasjon Norge. Sjølv om vi normalt ikkje finansierer saman med Innovasjon Norge, og vi krev langt høgare eigendel enn det er lagt opp til her, så rår vi til å gå inn med eit tilskot. Saman med Innovasjon Norge vurderer vi prosjektet som eit mobiliseringstiltak der det ikkje er råd å hente inn så mykje eigenfinansiering. Gjennom dette mobiliseringstiltaket håpar ein å få fleire søknader inn til Innovasjon Norge på eit seinare tidspunkt, og å få realisert fleire prosjekt. På det tidspunktet er det ikkje aktuelt for fylkeskommunen å gå inn med midlar.

Det kan vere interessant å prøve prosjektet også i Sogn og Fjordane. Vi har vore i dialog med Innovasjon Norge, og synest kostnadsplanen er noko høg. Vi føreslår å redusere budsjettet til følgjande godkjente kostnads- og finansieringsplan. Det vil seie eit tilskot på 280 000 kr. frå fylkeskommunen.

<u>Sogn og Fjordane:</u>		<b>Godkjent kostnadsoverslag</b>	
Prosjektledelse, kursmateriale, admin, regnskap	kr 90 000	50 000	
Foredrag, fagmøter, presse/artikler	kr 120 000	20 000	Annonsering
Gjennomføring fagdager a kr 65 000	kr 130 000	100 000	
Oppfølging 12 gardsbruk, utarbeiding forstudier	kr 300 000	300 000	
Sum	kr 640 000	<b>470 000</b>	

<b>Sogn og Fjordane:</b>							
Fylkeskommunen							kr 280 000
Innovasjon Norge							kr 200 000
Kursavgift, 32 st a kr 0							0
Oppfølging 12 gardsbruk a kr 2000							kr 20 000
Sum							<b>470 000</b>

Når det gjeld skifte av søkjar meiner vi det er uproblematisk då det ikkje blir endringar i gjennomføringa, og Sør Energi AS har teke på seg ansvaret for søknaden slik den ligg føre.

Eit tilskot må tildelast i tråd med statsstøtteregulverket. Aktuelle heimlar kan vere det generelle gruppeuunnataket (GBER), artikkel 49, Miljøstudier, eller bagatellmessig støtte. Vi ber om at fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp formalitetane.

#### **7.4. Konklusjon**

Sør Energi AS får eit tilskot på 280 000 kr. til Gardsvarmeprosjektet på Vestlandet 2019-2020, og den aktiviteten som skal skje i Sogn og Fjordane. Det er ein føresetnad at tilskotet kan tildelast i tråd med statsstøtteregulverket, og fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp dette.

### **8. Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 – 21**

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

#### **8.1. Bakgrunn**

##### Kva søknaden gjeld

Fylkesmannen i Vestland søker om 60 000 kr. til eit samarbeidsprosjekt som skal styrke samarbeidet mellom aktørar i skog- og treforedlingsbransjen på Vestlandet, og gjennomføre konkrete samlande tiltak der regionalt trevirke og innovative idear og løysingar vert løfta fram.

##### Historikk

Det har vore fleire satsingar på meir trebruk i dei to fylka. Fylkeskommunen, fylkesmannen og Innovasjon Norge i fylket samarbeidde mellom anna om prosjektet Tre drivar Sogn og Fjordane, eit prosjekt som skulle medverke til auka verdiskaping knytt til bruk av lokalt trevirke. Prosjektet vart avslutta i 2017.

##### Forankring i planverk

Eit av måla i Regional verdiskapingsplan at Sogn og Fjordane skal auke lokal verdiskaping ved produksjon og foredling av mjølk, kjøt, frukt/bær og trevirke.

Regionalt bygdeutviklingsprogram slår også fast at det skal jobbast for meir bruk og omsetning av trevirke frå vår region. Eit av tiltaka er å følgje opp med eit nytt tresatsingsprosjekt og tredrivar.

## **8.2. Nærare omtale av søknaden**

### Om søknaden

I dag vert det drive aktivt skogbruk på mindre enn 15% av det produktive skogareal i Hordaland og Sogn og Fjordane, hovudsakleg granskogbruk. Mykje av hogsten vert eksportert til utlandet. Regional verdiskaping på grunnlag av lokale ressursar vert meir viktig framover når prisnivået i utlandet vert meir ujamt og vi må kalkulere med meir vindfall.

Prosjektet har fleire underprosjekt: Det interkommunale nettverket av kommunar skal tilførast kompetanse innan miljøvennleg byggeri og offentlege innkjøp. Skog- og treverksemd skal kartleggjast. Fleire arrangement - Bergennale 2019, frukostmøte 2020, BIWF 2020 - skal gjennomførast. Eit erfaringsseminar "Klimasmarte fjøs" skal arrangerast haust 2019. Små og mellomstore treforedlingsverksemdar i vår region skal få eit kompetanseløft. Det skal utgreiast om det er potensial for meir bioenergi. Ulike samarbeidspartnarar vil bidra til dei ulike tiltaka. Søkjar skriv at omsøkte midlar skal nyttast svært tiltaksretta.

Det er viktig å leggje til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for tre, og sikre at Vestlandsfylka ikkje berre blir ein råvareeksportør. For å byggje meir i tre må kompetansen generelt aukast i heile verdikjeda, og spesielt hos handverkarar, ingeniørar, entreprenørar og arkitektar.

### Prosjekt mål

Prosjektet vil styrke samarbeidet mellom aktørar i skog- og treforedlingsbransjen på Vestlandet, gjennomføre konkrete samlande tiltak der regionalt trevirke og innovative idear og løysingar vert løfta fram.

Meir bruk av regionalt trevirke, forlenga levetid av trevirke og meir gjenbruk vil stå i fokus. "Tredrivaren" og samarbeidspartnarane vil samle erfaringar og bygge nettverk rundt klimasmarte fjøs, bruk av tre innadørs og bioenergi.

### Prosjektorganisering og samarbeidspartar

Søkjar ynskjer å sette saman ei aktiv og engasjerande arbeidsgruppe for dette prosjektet. Møteforma vert så klimavennleg som mogleg og stort sett avvika via Skype eller tilsvarande. Deltakarar skal vere frå Fylkesmannen, Innovasjon Norge, fylkeskommunane, NHO, byarkitekten i Bergen kommune og Norsk Bygdesagforening.

Andre samarbeidspartar er kommunane og Trefokus AS.

### Aktivitetar

Prosjektet består av fleire arbeidspakkar:

- A - Interkommunalt nettverksprosjekt
- B - Kartlegging av nettverket knytt til bruk av meir tre i bygg, 2019 - 2021
- C - Arrangement
- D - Satsing på landbruksbygg - «Klimasmarte fjøs 2019»
- E - Kompetanseprogram for små- og mellomstore verksemd, 2020 - 21
- F - Bioenergi 2019 - 21

#### A - Interkommunalt nettverksprosjekt

Målet med dette nettverksprosjektet er at kommunane får høve til utveksling av informasjon og erfaringar, fagleg støtte og tilgang på relevant kompetanse. Vidare at prosjektleiarane i kommunane får støtte i arbeidet offentlege innkjøp knytt til bygg, samt med søknadar til Miljødirektoratet (Klimasatsmidlar) eller Innovasjon Norge for å utgreie og realisere fleire bygningar med fokuset på miljø og berekraft.

#### B - Kartlegging av nettverket knytt til bruk av meir tre i bygg, 2019 - 2021

I løpet av prosjektperioden ønskjer fylkesmannen å kartlegge kven i kompetansemiljøa, forvaltninga og byggenæringa som jobbar i det daglege med oppgåver og prosjekt knytt til skog- og trebruk, kompetanse- og nettverksbygging, formidling, tilrettelegging og verdikjedetenking.

#### C - Arrangement

Det er nemnt arrangement som Bergennale 2019, frukostmøter og Bergen International Wood Festival 2020.

#### D - Satsing på landbruksbygg – «Klimasmarte fjøs 2019»

I 2019 er det planlagt eit erfaringsseminar der fylkesmannen vil presentere dei mest moderne og innovative løysingane for klimasmarte fjøs- og driftsbygningar i Noreg og døme frå Europa.

Delprosjektet kan også vere relevant for masterstudentar innanfor fagfeltet bygg og energi på Høgskolen i Bergen.

Det kan tenkjast at prosjektet vil følgje nokre relevante case i prosjektperioden.

#### E - Kompetanseprogram for små- og mellomstore verksemd, 2020 – 21

I samarbeid med Norsk Bygdesagforening og Kystskogbruket ynskjer søkjar å kome i kontakt med små og mellomstore verksemd i trebransjen på Vestlandet, og lokalisere behovet for kompetanse og samarbeid dei har. Delprosjektgruppa vil tilby relevante kurs seinare i 2020/21.

Masterstudentar frå Bergen arkitekthøgskole vil gjennomføre ei kartlegging av små og mellomstore sagbruk gjennom ei masteroppgåve i tidsrommet 2019 – 20.

#### F – Bioenergi 2019 - 21

I prosjektperioden ønsker søkjar også å avklare potensialet for å ei auka satsing på trebasert bioenergi. Søkjar vil lokalisere potensielle aktørar og ha samtaler, møter med desse og Innovasjon Norge. Pågåande prosjekt vert fylgt opp i forhold til behov dei eventuelt måtte ha.

#### Målgrupper

Avhengig av arbeidspakkar er det fleire målgrupper:

- kommunar
- kompetansemiljøa, forvaltninga og byggenæringa
- ålmenta, studentar, produsentar, forvaltninga
- bønder, rådgjevarar, forvaltninga
- små- og mellomstore sagbruk
- potensielle aktørar

#### Effektar

- Prosjektet vil rette fokus mot samarbeid mellom aktørar i skog- og treforedlingsbransjen på Vestlandet, på konkrete samlande tiltak der regionalt trevirke og vestlandseigna innovative idear og løysingar vert løfta fram
- Prosjektet vil jobbe berekraftig – langsiktig utvikling som skal styrke lokalsamfunn, sikre arbeidsplassar, bruken av naturressursar og økonomisk bereevne av den trebaserte næringa, løfte og informere om heilskaplege løysingar på gard, i bygd og by
- Meir bruk av regional trevirke, forlenga levetid av brukt trevirke, meir gjenbruk

#### Budsjett og finansieringsplan

**Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Administrasjon og prosjektleiing	700 000	700 000	700 000			2 100 000
AP A - Interkommunalt nettverksprosjekt	50 000	100 000	100 000			250 000
AP B – Kartlegging av nettverket, 2019 - 2021	25 000	25 000				50 000
AP C - Treseminar «Bergennale 2019»	100 000					100 000
AP C - BIWF 2020		60 000				60 000
AP C - Frukostmøte 2019 - 20		40 000				40 000
AP C - Seminar 2021			50 000			50 000
AP D - Satsing på landbruksbygg – Klimasmarte fjøs	100 000	50 000	50 000			200 000
AP E - Kompetanseprogram for verksemd		50 000	50 000			100 000
AP F – Bioenergi 2019 - 21	15 000	15 000	20 000			50 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>990 000</b>	<b>1 040 000</b>	<b>970 000</b>			<b>3 000 000</b>

Alle tiltakspunkt (AP) inneheld utgifter for reise, møter og eventuelt materiell. Direkte prosjektleiarkostnader vert ført under administrasjon.

**Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>SUM</b>
Fylkesmannen i Vestland - UTM	50 000	50 000	50 000			150 000
Fylkesmannen i Vestland, eigeninnsats	630 000	630 000	630 000			1 890 000
Innovasjon Norge	250 000	250 000	250 000			750 000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	20 000	20 000	20 000			60 000
Støtte fra Hordaland fylkeskommune	50 000	50 000	50 000			150 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>			<b>3 000 000</b>

Hordaland fylkeskommune har vedtatt å støtte søknaden med 150 000 kr. Innovasjon Norge har vedtatt å støtte prosjektet med 600 000 kr.

**8.3. Vurdering**

Sogn og Fjordane og Hordaland er rike på naturressursar, og også tømmerressursar. Av den avverka skogen er det berre ein heilt liten del som vert omsett eller vidareforedla lokalt, nesten alt vert eksportert. Det er difor eit stort potensiale for å utvikle verdikjeda for tømmerressursar, og auke verdiskapinga knytt til bruk av lokalt trevirke.

Normalt finansierer vi ikkje prosjekt i lag med fylkesmannen og Innovasjon Norge på grunn av retningsliner om arbeidsdeling. Her meiner vi det er snakk om eit felles offentleg løft, der dei andre partnarane allereie har forplikta seg. Vi meiner difor det ikkje er formelle reglar til hindre for å støtte prosjektet.

Vi rår til å gje eit tilskot på 60 000 kr. i samsvar med søknaden for å løfte fram bruk av regionalt trevirke.

**8.4. Konklusjon**



Fylkesmannen i Vestland får eit tilskot på 60 000 kr. til prosjektet Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 – 21.

Det må vere ei føresetnad at også aktivitetet i Sogn og Fjordane blir prioritert.

## 9. Måløy Ocean Hub

(Sakshandsamar: Lena Merete Søderholm)

### 9.1. Bakgrunn

I samband etableringa av Måløy Marine Ressurssenter (MMR Ocean Blue) har Måløy Vekst etablert eit samarbeidsprosjekt for å etablere eit kontorfellesskap i tilknytning til MMR Ocean Blue, då dette manglar i Måløy i dag. Dette vil mellom anna innehalde:

- Kontorfellesskap for studentar, forskarar, oppstartsbedrifter og verkemiddelapparatet
- Bufellesskap for studentar
- Konferanserom med videolink til NMBU og andre universitet og høgskular
- Utleige av gründerkontor
- Innovasjon Norge med faste kontordagar
- Felles kantine

Hovudmål for hovudprosjektet er:

1. Å etablere kontorfellesskap (hub) som synt over
2. Å etablere felles bumiljø for studentar i Måløy

Måløy vekst søker støtte til eit forprosjekt. Måla i forprosjektet er:

1. Avklare grunnlaget for å etablere eit felles kontorfellesskap og bumiljø i Måløy
2. Skissere innhald og planar for gjennomføring (inkl. budsjett og finansieringsplan)

Aktivitetar er:

- Administrasjon og oppfølging
- Avklare behov for fysiske ressursar og behov hjå lokale og regionale aktørar
- Kartlegge aktuell lokalisering/lokalar
- Vurdere synergieffektar mot andre næringar
- Skissere planar for gjennomføring (inkl. budsjett og finansieringsplan)

### 9.2. Budsjett og kostnadsplan:

#### Budsjett

<u>Art</u>	<u>beløp</u>
Design og trykkekostnadar	30 000
Eige arbeid (interne kostnadar)	228 000
Møte	20 000
Prosjektansvarleg	100 000
Prosjektleiing	400 000
Reisekostnadar	50 000
<u>Sum kostnad</u>	<u>828 000</u>

#### Finansieringsplan

<u>Kjelde</u>	<u>beløp</u>
Eigne timer	228 000
Kommunalt næringsfond, Vågsøy	100 000
Stiftelsen MMR Ocean Blue	100 000
<u>Sogn og Fjordane fylkeskommune</u>	<u>400 000</u>
<u>Sum finansiering</u>	<u>828 000</u>

Måløy Vekst spør Sogn og Fjordane fylkeskommune om delfinansiering på kr. 400 000 til dette. Dette utgjer 48 % av dei totale kostnadane. Ser ein dette i samanheng med midlar frå det kommunale næringsfondet (som heilt eller delvis er etablert med fylkeskommunale midlar) utgjer den samla offentlege støtta 60 %.

### 9.3. Vurdering

Det er eit forprosjekt der Måløy Vekst har både prosjektleiing og prosjektansvar. Søknaden gjev ein kortfatta oversyn over aktivitetane i forprosjektet, men desse er vanskeleg å knyte opp mot postane i budsjettet. Aktivitetane skal strekke seg over maks eitt år (tidspunkt for oppstart og avslutning er ikkje gjeve i søknaden), og totalsummen er høg til å vere eit forprosjekt.

Det er ikkje gjort greie for korleis beløpet (kr. 228 000) for eigne timer er berekna. Timane utgjer 10 veker med arbeid som kjem utover det som prosjekteigar og prosjektleiar legg inn. Det er uklart kva aktivitetar som krev ein slik innsats. Sett i høve til aktivitetane i forprosjektet synast også kostandene avsett til leing og gjennomføring høge.

Fylkeskommunen har allereie gått inn med kr. 15 mill. til Måløy Marine Ressurscenter (MMR Ocean Blue). Det er pågåande kontakt med tanke på utbetaling av denne støtta slik at den ikkje kjem i strid med statsstøtteregelverket.

Det vert søkt om aktivitetar i dette forprosjektet som ikkje ligg innafør næringsavdelinga sine prioriterte oppgåver.

#### **9.4.Konklusjon**

Søknaden ligg ikkje innafør næring og kultur sine prioriterte oppgåver og vi rår til at dette forprosjektet ikkje får støtte frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### **10. Disponering restmidlar frå INU**

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

#### **10.1. Bakgrunn**

På grunn av renter og tilbakeførte midlar er det no ein del restmidlar frå INU-ordninga, som vi legg opp til at hovudutvalet disponerer i denne saka.

#### **10.2. Historikk og føringar**

Frå 2007-2017 hadde fylket ei foreining med eit styre samansett av politikarar og personar frå næringslivet i dei tre kommunane Førde, Sogndal og Florø som forvalta overføringar frå staten som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift i dei tre kommunane. Denne foreininga hadde forkortinga INU – FSF.

I samband med statsbudsjettet for 2017 vart den statlege kompensasjonsordninga avvikla. Fylkestinget vedtok avvikling av INU-ordninga i sak 19/17. I samband med avviklinga tildelte fylkestinget nokre restmidlar og gjorde mellom anna også følgjande vedtak:

*Midlar utover dette skal (renteinntekter og tilbakeførte midlar) jmf. årsmøtevedtak i hovudsak prioriterast til tettstadutvikling i dei tre kommunane.*

*Hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar.*

#### **10.3. Disponible midlar og vurdering**

Per 1. juni 2019 er det 1 531 517 kr. i restmidlar frå ordninga. Midlane skriv seg frå renteinntekter og tilbakeførte tilskot.

I tråd med vedtaket frå fylkestinget rår vi til at størstedelen av midlane vert sett av til tettstadutvikling. Det er i tillegg til vanlege tettstadutviklingsprosjekt også varsla ein søknad om forprosjektmidlar frå Fjordsenteret Marheim i Sogndal kommune. Denne ligg i skjæringspunktet mellom tettstadutvikling, samfunnsutvikling og næringsutvikling. Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å vurdere breiare stadutviklingsprosjekt, opp mot restmidlar frå INU-ordninga.

I dei åra INU-FSF eksisterte fekk næringsseksjonen kompensert for arbeidet med sakshandsaming, oppfølging av tilskot og økonomiarbeid. Vi legg opp til å setje av ein mindre sum til oppfølging av tilskot og økonomioppfølging. Vi får då følgjande framlegg til fordeling:

- Tettstadutvikling 1 431 517
- Oppfølging av tilskot 100 000 kr.

Det er framleis fleire tilskot der rapporteringsfristane er litt fram i tid. Det vil også kome renteinntekter frå midlane. Det vil difor bli meir disponible midlar i framtida, men nivået er ikkje kjent.

